



## Handlingsplan for Økologisk Vest 2019

Økologisk Vest ynskjer å fortsetje det gode arbeidet med å delta på, bidra til og støtte ulike arrangement som til dømes Økoveka og Open økogard i Vestland fylke. For 2019 er dette planlagde arrangement:

- Engasjement under Økoveka 2019, med økonomisk stønad og praktisk tilrettelegging til eigne arrangement og som medarrangør der det er naturleg og ynskjeleg. Gode erfaringar og nyttige kontaktar er etablert frå tidlegare år
- Mål om å ha minst like mange gardar med på arrangementet Open Økogard 2019 som i 2018, dvs. minimum 3
- Arrangere minst 1 foredrag og/eller kurs i løpet av året
- Stønad til og deltaking på Snjaopú lokalmatmarknad i forbindelse med den internasjonale Slow Food Dagen
- Utdeling av den årvisse Økoprisen – helst i samband med Snjaopú lokalmatmarknad på Voss i midten av desember
- Medlemsverving: kontinuerleg fokus på å få fleire medlemmer
- Bidra med kronikker og artiklar i media i saker det er naturleg å uttale seg, og formidle omkring økologisk landbruk og forbruk
- Bidra med innspel til jordbruksforhandlingane
- Auka aktivitet på sosiale media ved å vere formidlar av relevante nyheiter og arrangement, spreie nyheiter innan økologisk landbruk, og få fleire fylgjarar på FB-sida til Økologisk Vest